

Driftsassistansen i Sogn og Fjordane

Driftsassistansen i Sogn og Fjordane
(snart) 10 år - erfaringar

Litt om meg sjølv;

1. Frå Finsland, om lag 30 km nordvest frå Kristiansand (Songdalen kommune, Vest Agder).
2. Utdanna Siv ing i 1985 i Trondheim med VA som fordjupingsfag.
3. Har i all hovudsak arbeidd som rådgjevar etter den tid, dei siste 8 åra med eigen rådgjevingsverksemd

Driftsassistanse i S. og Fj. - oppstart

1. Om lag 1990 blei det gjort eit forsøk på etablere ein Driftsassistanse i fylket , initiativ frå fylkeskommunen med privat firma som utførande. Denne døydde ut etter kort tid 2- 3 år.
2. Ingen driftsassistanse fram til 2007. Etter samtalar med fleire av kommunane m.a. 3 av dei største kommunane, sendte eg (med nystarta firma) tilbod til alle kommunane i fylket om etablering av Driftsassistanse.
3. Dette slo bra til – i dag er alle kommunane medlemmar – dvs direkte kontrakt med mitt firma Siv Ing Tobias Dahle. Kontrakten kan seiast opp med 6 månaders varsel.

Organisering

1. Eit styre på 5 medlemmar frå kommunane og årsmøtevedtak bestemmer aktivitet og økonomi i Driftsassistansen. Både ingeniørar og driftsoperatørar (3+2) skal vere representerte i styret.
2. Styremedlemmar har ei funksjonstid på 3 år. Ingrid Marie Slinde frå Luster kommune er styreleiar pr i dag.
3. Eige vedtekter er vedtekne av årsmøtet

Formål med Driftsassistansen

Formål

- *Driftsassistansen for Sogn og Fjordane har som hovudføremål å sikre erfaringsutveksling og kompetanseoppbygging innan kommunalteknikk i kommunane i Sogn og Fjordane. Organisasjonen vil og arbeide for omdømmebygging, rekruttering og sikring av gode fagmiljø i kommunane på VA sektoren.*

Henta frå vedtektene

Aktivitet og økonomi (1)

Årlege standardaktivitetar i Driftsassistansen er;

- Driftsoperatørssamling (dagsmøte) tema .t.d UV anlegg, tryggleik i grøfter , gassikring – 30 – 50 deltakarar
- Fagmøte/årsmøte for medlemskommunane på våren – over 2 dagar, i år 15 – 16 april i Kalvåg – ca 50 – 70 deltakarar. Berre folk frå kommunane + eventuelle eksterne foredragshaldarar
- VA konferansen i Oktober -180 deltakarar i 2014, ca 40 firma hadde utstilling, nær alle kommunane i fylket samt ein del skuleelevar (røyrleggarlinja) + ingeniørhøgskulen i Ålesund
- VA Juss konferanse (samarbeid med driftsassistansen i Hordaland) kvar vår – samlar om lag 100 deltakarar frå Vestlandskommunane

Aktivitet og økonomi (2)

1. Medlemsavgifta for ein kommune med 5000 menneske utgjer ca 9000,- kroner pr år. Dette er relativt lite, men dekkjer likevel standardaktivitetane.
2. Inntektene frå utstillarane på VA konferansen om hausten gjer at reknestykket går «i hop».

Aktivitet og økonomi (3)

1. Andre aktiviteter er prosjekt finansiert. Det betyr at dei kommunane som er med på dette, betaler for det arbeidet som blir utført. Døme på dette er;
 - Bistand digitalt leidningskartverk - i 2015 deltek/spleiser 7 kommunar på ei stilling i Driftsassistansen (Siv Ing Tobias Dahle)
 - Felles kommunaltekniske VA normer (3 fellesnormer er utarbeidd – dekker nær heile fylket)
 - Gebyrregelverket – forskrifter og drift av erfaringsforum (4 kommunar)

Aktivitet og økonomi (4)

1. Oppslutninga om VA konferansen (det største arrangementet vårt) både frå rådgjevarar, kommunar og utstillararar synes berre å auke. I 2014 var 180 deltakarar i på VA konferansen. Dette er ny rekord.
2. Talet på utstillarar har lege på om lag 40. På grunn av plassmangel har eg måtte seie nei til mange firma. I 2015 har vi fått meir plass tilgjengeleg – blir det ny rekord på antal utstillarar??
3. Dette arrangementet gir det økonomiske fundamentet for Driftsassistansen i Sogn og Fjordane

Aktivitet og økonomi (5)

1. Eg trur Driftsassistansen fyller ein svært viktig funksjon regionalt. Viktige stikkord kan vere samhald og nettverksbygging mellom kommunane
2. Men også det å ha noko å gle seg til/sjå fram/ eit avbrekk i kvardagen trur eg er viktig
3. Ein plass for å sjå nye produkt/hente nye erfaringar – altså fagleg oppdatering er sjølvsagt viktig

Vegen Vidare – nokre moment

1. Norsk Vann har utarbeidd ein rapport der konklusjonen er at Interkommunale selskap er beste måte å organisere Driftsassistansane på
2. I Vest Agder er det gjort eit forsøk på å etablere eit interkommunalt selskap – det gjekk ikkje bra - er rett og slett lagt dødt.
3. Kommunestrukturen er i endring – kor omfattande dette blir, er ikkje på noko måte avklart – kva innverknad vil dette få på Driftsassistansane?
4. Med andre ord ei rekke uavklarte moment

Vidare drift i Sogn og Fjordane

- Med bakgrunn i rapporten frå Norsk vann har styret drøfta denne saka. Eg utarbeidde notat til styret der følgjande alternativ blei vurderte;
 1. Samanslåing med DIHVA i Hordaland eit felles IKS
 2. Etablering av eige IKS i Sogn og Fjordane
 3. Halde fram som i dag dvs. firmaet Siv Ing Tobias Dahle står for den praktiske drifta
- Styret valde alternativ 3 utifrå at dette er eit svært rimeleg alternativ for kommunane og at denne løysinga har fungert bra fagleg i mange år. *Rapporten frå Norsk Vann blir rett og slett ikkje teke omsyn til!*